

**Fra:** Bjorkelo, Birte (NO - Bergen) (bbjorkelo@DELOITTE.no)

**Sendt:** 15.08.2018 14:52:15

**Til:** Kari Marie Nygard

**Kopi:** Hogne Haktorson; Roald Breistein; Kjartan Haugsnes; Helge Inge Johansen; Johansen, Line Margrete (NO - Bergen); Stein Ove Songstad; Ryland, Bjarne (NO - Bergen); Hordvik, Espen (NO - Bergen); Moe, Unni-Renate (NO - Bergen); Holst-Larsen, Else (NO - Haugesund)

**Emne:** RE: Kurs i regi av Deloitte

**Vedlegg:** image002.png;Kurstilbod 2018.pdf

Hei,

Vi har no tatt ein gjennomgang av kursoversikta og gjort nokre justeringar. Vedlagt er oppdatert oversikt.

Justeringane er som følger:

- Det er eit kurs som no heiter Investeringsrekneskap. Dette kan omfatte ein del av dei problemstillingane i innspelet frå Vaksdal
- Det er lagt til eit kurs om rolleforståing i eigarskapsforvaltinga i samsvar med innspel frå Vaksdal
- Det er lagt til eit kurs om GDPR – informasjonstryggleik – ettersom dette er eit svært aktuelt tema for kommunane no og vil nok vere det ei tid framover
- Det er lagt til eit kurs om arkiv og journalføring – dette er eit område som stadig blir revidert og kor vi ser det er utfordringar
- Det er lagt til eit kurs om justeringsrett- og plikt – vi opplever at dette er eit område som er uklart for mange kommunar
- Teksten knytt til kurset om ny kommunelov er justert
- Vi har lagt inn kontraktsoppfølging som ein mindre komponent som kan føyst til eit kurs om innkjøp (dvs sei at desse to kursa er slått saman)

Det er Advokat John Hadler-Jacobsen som vil halde kursa om Samfunnsansvar og antikorruption i Samnanger og Tysnes. Vi ha notert oss 13.9 som dato for Samnanger. Skal kurset for Tysnes haldast 25.9?

Som vi har nemnt tidlegare kan vi legge til rette for felles kurs i lokala til Deloitte om dette er noko kontrollutvala ønskjer. Det kan til dømes vere aktuelt for tema som er spesielt relevant for kontrollutvalsmedlemmane og der dei kan ha nytte av å delta på møte saman.

Mvh

**Birte Bjørkelo**

Director | Risk Advisory

Deloitte

Lars Hilles gate 30, 5008 Bergen, Norway

Tel/Main: +47 55 21 81 00 | Mobile: +47 928 98 908

[bbjorkelo@deloitte.no](mailto:bbjorkelo@deloitte.no) | [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

---

**From:** Kari Marie Nygard <kari.nygard@hfk.no>

**Sent:** torsdag 2. august 2018 13:44

**To:** Bjorkelo, Birte (NO - Bergen) <bbjorkelo@DELOITTE.no>; Johansen, Line Margrete (NO - Bergen)

<lmjohansen@DELOITTE.no>; Gasemyr, Kari (NO - Bergen) <kgasemyr@DELOITTE.no>; Brochmann, Marit (NO - Oslo) <mbrochmann@DELOITTE.no>; Lovlie, Frode (NO - Bergen) <flovlie@deloitte.no>; Songstad, Stein Ove (NO - Bergen) <ssongstad@DELOITTE.no>

**Cc:** Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@hfk.no>; Roald Breistein <Roald.Breistein@hfk.no>; Kjartan Haugsnes <Kjartan.Haugesnes@hfk.no>; Helge Inge Johansen <Helge.Inge.Johansen@hfk.no>

**Subject:** Kurs i regi av Deloitte

Til Deloitte

Viser til kursoversikten «Kva kurs kan Deloitte tilby?» som er nytta for å planlegge kurs i kommunane fram til nå. Legg for ordens skuld gjeldande kursoversikt som vedlegg til denne mailen. Førebuing av kontrollutvala sine møter nå utover hausten er starta, og av saker som skal setjast på agendaen er «kurs i regi av Deloitte».

Sender med dette henvending - om Deloitte vil at kursoversikten fortsatt skal nyttast slik den ligg føre, eller om den bør justerast / evt. supplerast ? Vil tru at dei fleste kurs-tilboda fortsatt vil vera aktuelle å ha med i kursoversikten. Men vil peika på nokre vurderinger som bør gjerast:

- Kurstilbod om «Ny kommunelov» vil nå vera eit svært aktuelt tema å tilby kurs innan. «(ikkje aktuelt før ny

kommunelov føreligg)» - bør ikkje stå lenger i kurstilbodet, sidan ny kommunelov nå er vedteke. Ønskjer såleis tilbakemelding frå dykk om Deloitte kan legga opp til kurs i dette tema nå i tida framover.

- Er det andre kurs-tilbod som bør koma med på lista over aktuelle kurs ?  
Kan til dømes nemna at kontrollutvalet i Kvinnherad kommune har drøfta om det er mogleg å halda kurs der det vert sett fokus på «God forvaltning av tenester i kommunen, likebehandling og ombodsrolla m.m.». Er dette eit tema som setjast opp som eit «generellt» kurstilbod ?

Samnanger og Tysnes kommunar ønskjer å gjennomføra kurs i «Samfunnsansvar og antikorruption» nå i haust. Sekretariatet treng ei tilbakemelding på kven som vil vera kurshaldar for dette kurset.

Det ville vera fint om de kan ta ein gjennomgang av desse spørsmålsstillingane og koma med ei tilbakemelding til sekretariatet – så snart de er tilbake frå evt. fortsatt ferie. Vidare vil det vera fint om vi kan få tilbakemelding så snart som råd, gjerne i løpet av veka 34, seinast 24.08.18.

Med helsing

**Kari Nygard**

Seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet



Mob: 916 64 183

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgående e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*

\*Disclaimer:\* This message (including any attachments) contains confidential information intended for a specific individual and purpose, and is protected by law. If you are not the intended recipient, you should delete this message and are hereby notified that any disclosure, copying, or distribution of this message, or the taking of any action based on it, is strictly prohibited.